*Ål Utvikling AS er næringsselskapet/destinasjonsselskapet i Ål og jobbar for maksimal nyskaping og utvikling av næringslivet i Ål. Selskapet er eit samarbeidsorgan som skal bidra til å synleggjere og fremje kvalitetane i Ål-samfunnet. Målet er å styrke næringslivet og gjere Ål til ein betre kommune å bu, arbeide og feriere i. Selskapet driv og Ål turistinformasjon / Ål booking. Selskapet har 2,5-3 årsverk og er eigd av ca. 160 næringsaktørar samt Ål kommune.*

# Dagleg leiar
# Ål Utvikling AS

Dagleg leiar har etter 10 år i selskapet takka ja til nye utfordringar.

Me søkjer derfor ein sjølvstendig, kreativ og relasjonsskapande leiar til å drive selskapet vidare. Dagleg leiar har ansvaret for selskapet sine administrative oppgåver og ulike lokale og regionale prosjekt, samt personalansvar for dei andre tilsette.

**Ynskjelege kvalifikasjonar:**

- Relevant erfaring frå leiarstillingar innan reiseliv eller anna næringsliv.
- Relevant høgare utdanning.
- Løysingsorientert, strukturert. og gode samarbeidsevne.
- God munnleg framstillingsevne på minimum norsk og engelsk.
- God skriftleg framstillingsevne på nynorsk, bokmål og engelsk, gjerne også tysk.
- Erfaring frå arbeid med websider og ulike sosiale media.
- Førarkort kl. B.

**Me kan tilby:**

- Varierte og utfordrande arbeidsoppgåver.
- Moglegheit for å utforme strategien og retninga til selskapet framover.
- Eit godt arbeidsmiljø.
- Konkurransedyktige lønnsvilkår og arbeidsvilkår, etter avtale.

For meir informasjon kontakt styreleiar i Ål Utvikling AS, Gunnar Gunhildgard
på tlf. 97 78 93 38.

Utfyllande søknad med CV sender du til styrets leiar på styreleiar@alutvikling.no innan 24. oktober.

ÅL
HALLINGDAL

Ål Utvikling AS • www.al.no